

# Tveitgrendløypa


Tur- og aktivitetsområde



Utsyn fra Haukstoga - Foto: Elisabeth Riis



Utsyn fra rasteplassen ved Smørjusbekk - Foto: Elisabeth Riis



## Teiknforklaring / Legend

- Her står du nå / You are here
- Merke turslar / Marked footpaths
- Stiar / Foot paths
- Hovudveg / Roads
- Mindre vegar / Small roads
- Små grusveggar / Gull tracks
- Kanalbåtene M/S Victoria og M/S Henrik Ibsen / Canal ships M/S Victoria and M/S Henrik Ibsen
- Kraftlinje / Power line
- Vernoområde / Conservation area
- Utsiktspunkt / Viewpoint
- Kulturminne / Cultural monument
- Informasjon / Information
- Parkeringsplass / Car park
- Rasteplass / Picnic area

Feil på kartet? Gå inn på [www.retkartet.no](http://www.retkartet.no) (Kartverket)

## VELKOMEN TIL TVEITGRENDLØYPA

I Tveitgrendløypa kan du enten gå rundløypa på 7,6 km, eller velje Veslerunden på 2,5 km. Du kan også forlenge turen med 1,9 km frå Heimdal opp til Haukstoga, eller ta kortare «slyffer» og koma inn att på hovudvegen i Tveitgrend.

Løypa startar og endar her ved Grendehuset. Den går i vill, vakker og variert natur langs Bandak. Du vil raskt koma til flotte utsynspunkt og rasteplassar undervegs. På den lengste rundturen vil du passere fleire gamle husmannsplassar og kulturminne.

Langs Bandak er det stupbratte fjellsider der gamal skog så vidt klarar seg fast. Vegetasjonen er svært frodig og variert med fleire sjeldne planter. På ein einaste dag i 1996 vart det talt opp 250 plantearter langs Tveitgrendløypa (botaniker Inger Nordal).

Start med å gå til venstre langs den private grusvegen, ca 270 m. Der fortset du til venstre og følgjer skilt og raude merke undervegs.

Etter 1,4 km kan du enten gå den lette Veslerunden, som går i fin, gamal skog tilbake til Grendehuset, eller du kan ta rundløypa mot Heimdal. Her går stien i stigande og variert skogsterreng langs Bandak, og turen er middels krevjande.

På rasteplassen litt sør for Heimdal får du eit stor slått utsyn utover Bandak og Kviteseidfjorden. Fortset nokre hundre meter til, og du er omlag halvvegs i rundløypa.

Her kan du velje å fortsetje turen vidare opp mot utsynspunktet Haukstoga, som formeleg «heng» loddrett om lag 500 m over Bandak. Utsikten er spektakulær med m.a. berghamaren St.Olavs skip og Kassen på andre sida av kanalen. Nyt den urørte villmarksnaturen rundt deg, men ver også forsiktig langs fjellsida her!

Ned att følgjer du same veg tilbake til Heimdal. Derifrå går rundløypa nedover i skogsterreng, så på traktorveg fram til Flatin. Her fortset du eit par hundre meter langs hovudvegen, og tek til høgre ved Fentesvingen, inn i skogen og ned att mot Grendehuset.

Ta vare på denne vakre naturen. Me ynskjer alle ein fin og sporlaus tur.

## Turforslag / Tour suggestions:

- Veslerunden 266 moh.**  
Distanse / Distance: 2,5 km  
Varighet / Duration: ca. 40 minuttar / 40 minutes
- Tveitgrendløypa (rundløypa/ circular track) 446 moh.**  
Distanse / Distance: 7,6 km  
Varighet / Duration: ca. 2,5 time / 2,5 hours
- Grendehuset - Heimdal 446 moh.**  
Distanse / Distance: 3,9 km (ein veg / one way)  
Varighet / Duration: ca. 1,5 time / 1,5 hours
- Heimdal - Haukstoga 500 moh.**  
Distanse / Distance: 1,9 km (ein veg / one way)  
Varighet / Duration: ca. 40 minuttar / 40 minutes

## WELCOME TO TVEITGRENDLØYPA

In Tveitgrendløypa you can either walk the round-trip of 7.6 km, or choose Veslerunden (the little trail) of 2.5 km. You can also extend the trip by 1.9 km from Heimdal up to Haukstoga, or take shorter "loops" and return to the main road in Tveitgrend..

The trail starts and ends here at Grendehuset (the village house). The trail runs in wild, beautiful and varied terrain along Bandak. You quickly get to beautiful viewpoints and picnic areas along the way. On the longest round-trip, you pass several old homesteads and cultural heritages.

Along Bandak, there are steep mountainsides where the forest barely clings to it. The vegetation is very lush and varied with several rare plants. On one day in 1996, 250 plant species were counted along Tveitgrendløypa (botanist Inger Nordal).

Start walking to the left along the private gravel road, about 270 m. There you continue to the left and follow signs and red marks along the trails.

After 1.4 km you can either walk the easiest Veslerunden, which runs in fine, old forest back to Grendehuset, or you can take the round-trip towards Heimdal. Here the trail runs in climbing and varied forest terrain along Bandak, and the hike is moderately demanding.

At the picnic area just south of Heimdal, you get a magnificent view of Bandak and Kviteseidfjorden. Continue a few hundred metres more, and you are about half way in the loop.

Here you can choose to continue the trip further up to the vantage point Haukstoga, which formally "hangs" vertically about 500 m above Bandak. The view is spectacular with the mountain formations St.Olavs ship and Kassen on the other side of the canal. Just enjoy the wild nature surrounding you, but take also care along the steep mountainside!

On return you follow the same route back to Heimdal. From here the trail goes down into forest terrain, further on a tractor road to Flatin. Here you continue a couple of hundred meters along the main road, then walk to the right at Fentesvingen, into the forest and down towards Grendehuset.


Please, take care of this beautiful nature. We wish everybody a nice and traceless trip.

**Allemannsretten / skikk og bruk**


- Du kan ferdast fritt i utmark til fots.
- Forstyr ikkje dyr og fuglar.
- Ver ikkje til skade eller ulempe for plante- og dyrelivet.
- Vis omsyn til andre brukarar av utmarka og utmarksnæringane.
- Lat att grinda etter deg.
- Alt vilt er freda med unntak av lovleg jakt.
- Det er bandtvang frå 1. april til 20. august.
- Det er forbode å tenne open eld i skog og mark frå 15. april til 15. september.

**Public access to the countryside / customs**

- You have the right to roam freely through common land.
- Do not disturb animals and birds.
- Do not cause any damage or inconvenience on the nature or wildlife.
- Show consideration for other users of uncultivated land and wilderness industries.
- Always close all gates behind you.
- All game is protected except for legal hunting.
- Dogs must be kept on a leash from 1. April to 15. August.
- Fires may not be lit in woodland or outlying land from 15. April to 15. September.




Blomstereng ved Kringlemyr. Foto: Elisabeth Riis



Gamal urskog ved Tveitstodalen. Foto: Elisabeth Riis



Glimt av den gamle ferdseisvegen gjennom grenda. Foto: Elisabeth Riis



Ein av bekkane langs løypa. Foto: Elisabeth Riis

Vel turen etter evne/  
Select the trip according to ability:

- Nøytral / Neutral
- Enkel / Easy
- Middels / Medium
- Krevjande / Demanding
- Ekstra Krevjande / Expert demanding

Symbola syner kor krevjande turane er. Svart symbol på kvit botn er nøytral, dvs. ikkje gradert.

The paths have different degrees of difficulty. Black symbol on white background indicates that the trail is not graded.

## ÅTVARING

- All ferdsel er på eige ansvar.
- Ved ulykker ring 112 eller 113.
- Ver merksam på at bruene kan vera glatte
- Koordinatar der du står no:

UTM 32 468845 Øst, 6584422 Nord

## CAUTION

- All passage is at your own risk.
- Call 112 or 113 in emergency situations.
- Ver merksam på at bruene kan vera glatte
- Coordinates in case of emergency:

UTM 32 468845 East, 6584422 North

Driftsansvar og vedlikehold/  
Operational responsibility and maintenance:

Takk for støtte frå/  
Thank you for financial support:

## Tveitgrend Grendelag

